

913204565

FYLLINGSNESSTØLEN ARVE FYLLINGSNES

**Mobilnummer**

915 59 641

**E-postadresse**

arfy@equinor.com

**Kontonummer** \*\*\*\* \* 13538

**Vedtaksdato**

03.12.2021

**Vedtaket er gjort av**

Alver kommune

**Søknadsdato**

18.08.2021

**Vår referanse**

2021/7213, Agros 161700

## Vedtak om avslag på søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Beiterydding av beiter i Solåsen, Fortsettelse av agro 150260

---

**Samandrag:** Alver kommune har vedtatt å avslå søknaden.

---

Alver kommune viser til søknad av 18.08.2021.

### Bakgrunn i saka

FYLLINGSNESSTØLEN ARVE FYLLINGSNES søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 18.08.2021. Du søker om totalt 30 000 kroner i tilskot for tiltak perioden 03.01.2022-06.06.2023. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 60 000 kroner.

Det er søkt om tilskot til å rydde beiter i Solåsen, for å få betre beiter og å få fram gammalt kulturlandskap.

Søkar ønsker på sikt å rydda eit område på 220 mål, og har starta med eit avgrensa område på 75 mål. Av dette området har søkar allereie fått løyving på 22 500 kr til rydding av 15 daa, jf. brev datert 05.08.2021. Søkar vart og oppmoda til å søke meir midlar etterkvart som prosjektet skrid fram. Det er no søkt om tilskot til å rydda ytterlegare 20 daa som ei fortsetting på det same prosjektet.

### Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskrifta) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak der det går føre seg ein produksjon med rett til tilskot på eigedommen, og som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 2, og § 3 eller § 4.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over plantevernmiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Grunna begrensa midlar og mange søkarar i gjeldande søknadsomgang har kommunen valgt å prioritere dei søkarane som ikkje har aktive SMIL-saker. Søkar har allereie fått løyving på 22 500 kr i 2021 til rydding av 15 daa beite, Ref Agros nr 150260. Kommunen ønsker at dette prosjektet vert fullført og sluttrapport godkjent før det vert løyvd meir tilskot til vidareføring av det same prosjektet.

### **Klagerett**

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klaga til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

### **Meir informasjon**

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing  
for Alver kommune

Saksbehandla av: Marie Victoria Rekdal Skogrand

Godkjend av: Laila Bjørge